

LÅT O'S LINK

Nummer 1
Februar 2008
Årgang 18



Elisabeth Kværne vil no satse meir på musikken att. Foto: Nils Rogn

- Hilmen skal leie Hilme
- Elisabeth gjer comeback
- Amundsen og Arneng giftar seg
- Vang vonar vidare
- Sudan Dudan på Fagernes
- Tilskott til rekrutteringsarbeid

Leiar:

VALDRESKAPPLEIKEN MOT NYE HØGDER

Lokalkappleiken og runddansstemnet heiter ikkje lenger lokalkappleiken og runddansstemnet. Øystre Slidre spel- og dansarlag har teke fyrste grep i ei endring av arrangementet. Dette grepet handlar i fyrste omgang om ei namneendring. Smak på det. Valdreskappleiken. Smakar bra synest eg. Dessutan er kappleiken flytta til mai og pinselhelga.

I oktober inviterte folkemusikklaget til eit diskusjonsforum der nett kappleiken vår sto på agendaen. Mange møtte opp og mange meinte mykje. Det er eit godt teikn i seg sjølv. Einigheit er ikkje alltid eit mål. Men ein ting alle kunne samle seg om, var at namnet ikkje lenger held mål. Tema som klasseinndelingar, døming eller ikkje døming, gjesteklassar og tidsbruk er vanskelegare. Her er det gode argument både for det eine og det andre. Men alle var også einige i ein ting til, at vi ynskjer breiare oppslutning om kappleiken. Då må ein også få vekk kunstige skilje mellom bygdedans og runddans. Eller gamaldans, som gamaldansfolket sjølv føretrekk å kalle det. No ser det ut til at dei entusiastiske arrangørane har funne ei form som både tek vare på det beste og hentar inn noko nytt. Meir om Valdreskappleiken er å lesa lenger bak i dette nummeret.



Ein av suksessfaktorane uansett arrangement, er utan tvil god marknadsføring. Jungeltelegrafan er ikkje alltid nok, og kampen om spaltemillimetrane er hard.

Valdres folkemusikklag har hatt eige PR-tilsett som i hovudsak har jobba for Jørn Hilme-stemnet. Dette har hatt enorm effekt! No har vi inngått ei PR-avtale med firmaet Aleis, som skal fremje alle arrangementa som høyrer til innunder folkemusikklaget.

Eg vil også oppmode alle om å bruke Låt o' Link for alt det er verdt. Hugs at dette bladet er til for alle oss som syslar med folkemusikk og gamaldans. Her er det plass til omtaler, diskusjonar, nyheitsstoff og gammalt stoff, alvor og skjemt, og sladder på høgt og lågt nivå.

Eg vil samstundes nytte høve til å takke for meg. Når neste nummer kjem ut, sit det ein ny leiar bak roret. Eg kan garantere at vedkomande går eit spanande år i møte, for Valdres folkemusikklag er ein vital organisasjon med mange jern i elden.

Og så får vi smørje oss med tolmod medan vi ventar på våren og Valdreskappleiken på Solhaug.

Alice

Låt o' Link er eit frittstående folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten.

Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 450

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37 584 eller på e-post: aud.soyland@bbnett.no

BILLETTAR TIL SOL AV ISFOLKET

Skal ikkje på Isfolket, sa du? For noko tull. Det er framleis att billetter til framsyningane.

Billettane kjøper du på Billettservice, www.billettservice.no. Kan også kjøpast direkte på Valdres Folkemuseum. Pris kroner 350,- + billettavgift kroner 20,-.

VIL DU VERA FRIVILLIG?

Sol av Isfolket er ein stor produksjon, og vi treng flittige hender og skarpe hjerner! Vi skal sy om lag 130 flotte kostyme, bygge scene og rekvisittar, halde vakt, servere og sjå til at det er ryddig og triveleg under framsyningane. Her blir alle like viktige, anten dei spelar hovudrolle eller kokar kaffe!

Har du lyst til å vera ein del av ein stor produksjon? Vil du vera med å skape suksessen Sol av Isfolket? Vi ynskjer deg velkomen med på laget og skal gjera vårt for at alle involverte får uforgløyemelege stunder under spelveka!

Ta kontakt med Alice Gudheim for ein prat, mobil: 900 40 247.



Margit Sandemo ved sida av Paul-Ottar Haga, Evy Kasseth Røsten og Heidi Ruud Ellingsen. Foto: Nils Rogn

HILMEN LEIAR HILME

Varaordførar i Nord-Aurdal kommune, Svein Erik Hilmen, blir ny styreleiar for Jørn Hilme-stemnet. Hilmen gler seg til styrevervet og synest det er moro å bli spurd.

– Folkemusikk og folkedans betyr mykje for meg. Både privat og i arbeid har eg kome tett på utøvarar og organisasjonar dei siste åra.

Låt o“Link ynskjer Svein Erik Hilmen lykke til i arbeidet.

VIL HA AKTIVT MILJØ I RYGGEN

Prosjektet Lea de - bygda dansar i Oppland er no godt i gang, og kan melde om ein god oppstart! Men, Oppland er eit stor fylke. Difor lyt miljøet stille opp rundt prosjektet dersom det skal bli ein suksess.

Underteikna og Sigurd Johan Heide greier ikkje både instruere, handtere presse, lage mat, vera nattevakt på ein gong. Rekrutteringa går bra og me har ei liste med om lag 150 aktuelle ungdommar i Oppland. Det er dessverre slik at det er avgjerande med personleg kontakt på telefon med alle desse jamleg for å klare dra dei med i prosjektet. Det å ringe rundt til alle desse for å overtale dei til å bli med tek tid, masse tid!

Me treng difor at de er med å gir dei ein dytt i ryggen. Kanskje har nettopp du lyst til å fylle opp bilen med ungdommar og vera med oss på helgesamling? Me har nemleg bruk for deg, og eg blir ikkje forundra om du også syns det kan vera ganske moro å bruke ei helg på dans, musikk og moro samen med flott ungdom!

Ta kontakt om du veit om aktuelle ungdommar frå 15 – 20 år, eller vil vera med å hjelpe til!

Stian Roland

FAKTA OM LEA DE I VALDRES:


-Me har sidan i haust dansa kva onsdag frå 15.30 – 17.30 på Valdres vidaregåande skule, Leira.

-Det har vore om lag 20 ungdommar med.

-Mange av desse har vore med på helgesamling på Vinstra i oktober og Valdres i november.

-Me arrangerte infohelg for miljøet på Lillehammer 11. – 13. Januar.

-Åtte ungdommar frå Oppland får vera med på «Folkemusikkseilasen» på Hurtigruten 23. – 29. april.



Ådne Kolbjørnshus

Frist for stoff til Låt o' Link 2008

2/2008: 1. april

3/2008: 15. september

4/2008: 15. november

Fristen for stoff til neste nummer kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

TILSKOTT TIL REKRUTTERINGSARBEID

STATUTTAR FOR FOND AVSETT TIL REKRUTTERING

Etter at Valdres folkemusikklag overtok midlane (kr. 56 321) frå ungdomsgruppa «I Valdrestakt», og inntektene av CD-ane *Lått & leven* og *Uminan*, blir det oppretta eit fond avsett til rekrutteringsarbeid i Valdres. Valdres folkemusikklag oppmodar lokallag som arbeider for ungdom og rekruttering om å søkje fondet.

Det blir gjeve stønad til medlemmer i Valdres folkemusikklag i aldersgruppa 15 til 25 år. Styret i Valdres folkemusikklag bestemmer kor mykje som skal fordelast kvart år og kven som skal få stønad. Det blir delt ut midlar gjennom heile året. Styret i Valdres folkemusikklag skal forvalte ordninga.

Skulle Valdres folkemusikklag av ulike årsaker opphøyre skal fondet overførast til Valdresmusea AS, som skal forvalte det etter same reglar.

Kva kan ein søkje støtte til?

Regionale tiltak innan folkemusikk og -dans for valdresungdom i alderen 15–25 år. Tiltaket lyt involvere minst fem ungdommar (til dømes kurs, seminar, innspelningar, kappleikar/festivalar, konsertar, turar med meir).

For at det heile tida skal vera midlar disponibelt er det ynskjeleg at dei ungdommane som får pengar gjennom ordninga deltek på oppdrag eller liknande, som gjev inntekt til fondet. Fondet skal stå på eigen høgrentekonto.



BLI ABONNENT PÅ SPELEMANNSSBLADET!

Du får åtte interessante nummer kvart år, og kan følgje med i debattar, utgjevingar, fagartiklar og små og store hendingar over heile landet!

Ordinær pris: 360 kr.

For medlemmar i Landslaget for Spelemenn: 310 kr.

Vil du abonnere? Ta kontakte på
tlf.: 22 00 56 22, faks.: 22 00 56 21, e-post: jorun@folkemusikk.no.

Spelemannsbladet – for dansekåte og gla'e

ELISABETH TILBAKE PÅ SCENEN

Ingen dyrkar langeleiken meir enn Elisabeth Kværne. Saman med Håkon Asheim og Tellef Kvifte er ho tilbake på konsertscenen.

Blitzregnet haglar. Kjolane er lange, og publikum hylar. Året er 1986. Elisabeth Kværne stig opp på scenen og mottok prisen for beste folkemusikkplate. Ho er vår fyrste langeleikkjendis i moderne tid. No, over 20 år seinare er ho nok ein gong aktuell med langeleiken.

- Eg er så glad for å vere saman med gutane Tellef Kvifte og Håkon Asheim. Vi spelar og spelar, fortel Elisabeth begeistra.

- *Til fingrane blir såre og vonde?*

- Ja, det kan eg bekrefte. Poenget er at vi jobbar med folkemusikk på heiltid, dette er yrket vårt. Utfordringa er at vi stort sett legg til rette for andre. Etter fleire år med avbrekk frå sjølve musikken er det utruleg godt å vere tilbake til det som er utgangspunktet, seier Kværne.

- *De har spelt mykje ilag tidlegare. Har de funnen tonen?*

- Ja, både menneskeleg og musikalsk.

- *Var det lett å finne tonen?*

- Ja, vi oppdaga at det ikkje var tilfeldig at vi har spelt før. Det er to fantastiske musikanarar eg får spele saman med, seier Elisabeth tilfreds.

- *Kva er planane for gruppa framover?*

- Vi er opne for alle slags speleoppdrag. Vi stiller gjerne til disposisjon som dansemusikantar for kappleiksdansarar. Vi har ingen kommersielle ambisjonar, vi er berre veldig glade for å kunne spele valdresmusikk, seier Kværne.

- *Kva er det som er så spesielt med langeleiken, Elisabeth Kværne?*

- Den er så rett på, den er ikkje noko anna enn det den utgjer seg for å vere. Den er eit svært økologisk instrument, seier ho.

- *Dyrkar du langeleikar i hagen?*

- Nei, men eg dyrkar han til tusen. Du har treverket som gjer ein vakker klang, du har alt på langeleik. Du har eit hav av harmoniar og klangar. Du må legge til side at akkordskifte er nødvendig for å ha det bra.

- ?

- Det er ingen ting som er meir kjedeleg enn akkordskifte, seier ho.

- *De skal til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival til sommaren?*

- Ja, det skal vi, mellom anna blir det nattkonsert på Jølstratunet med eg og kameratane.

- *Og kva var namnet på gruppa?*

- Grålysing, kjem det kjapt frå Elisabeth Kværne. Meir ville ho ikkje seie til Låt o' link.



Håkon Asheim, Tellef Kvifte og Elisabeth Kværne. Foto: Knut Aastd Bråten

TIDLEG ORGANISERT OPPVISNING AV HALLINGDANS

Du trur kanskje at hallingdansen som framsyningsdans er eit moderne fenomen. Men høyr her:

Ein av dei kjende oppvisningsdansarane frå Valdres heldt til i Kristiania. Han heitte Knut Ulnes, men kalla seg «Knud Valders». Kona hans var også god til å danse, og henne kalla han difor «Norsk Pepita» (den eigentlege Pepita var ei spansk ballerina). Knud Valders og Norsk Pepita heldt oppvisningar i ei marknadsbu, og plakatanane over døra fortalde om at «Her opptræder de mest berømte Hallingdansere i hele Norge og Mage har ingen set, for større moro har ingen fått i hele Verden, langt mindre på Marken for 6 skilling». Tillige danses Barberdansen, står det på eit tilleggsilt. Plakaten skal vera frå ikring 1870.

Gullik Kirkevold nemner også namngjetne oppvisningar av hallingdans frå Valdres heilt tilbake til 1600-talet. I Valdres Bygdebok står det elles om langleikspelaren Ragnhild Olsdotter Viken – ho tente pengar på langleikspelet sitt ved å reise rundt på marken saman med sonen sin, Johannes, som dansa halling. Johannes var fødd 1827.



Nokon år seinare, 9. oktober 1849 er det rykt inn ein annonse i Christiania Adresse-Tidende, Christiania Intelligentsedler, Christiania-Posten og Morgenbladet. Der står det fylgjande:

«Klingeberg Etablissement, Tirsdagen den 9de October gives et National-Divertissement bestaande af: 1) Musikalsk Aftenunderholdning i 3 Afdelinger, hvorved Melodier frå det Norske Folkeliv ville blive foredragne frå kl. 7-8, 9-10 og 11-12. 2) Folkedandse, der udføres ved Jens Christenssen Klevgaard, Knud Olsen Evjen, Jens Ivarsen Braka, Marit Levordsdotter Hesla, Marit Jensdotter Hesla og Kari Persdotter Kleiva samt spillemand Hans Jacobsen Haave».

(Kjelde: Ingar Ranheim: «Folkedans, disiplinering og nasjonsbygging. Diskursen om dans i Valdres omkring 1905.» Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1993).



LENGRE PRIMSTAV PÅ NETTET!

Sjå www.valdresfolkemusikklag.no – der finn du det som skjer i Folkemusikk-Valdres. Har laget ditt eit arrangement? Gi beskjed til Solveig på post@valdresfolkemusikklag.no, så legg ho det inn er.

VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG

Laget på rette sida av åsen har danseøvingar på Kvamshall desse onsdagane klokka 19.30:

13. februar

5. mars og 26. mars

9. april og 23. april

7. mai og 21. mai

Det er Sivert Holmen som er spelemann for vestreslidringane. Aurdalsguten er vorten ein god dansespelemann og har eit stort låtterepertoar. Det er ein fryd å høyre han spele og ein fryd å danse etter spelet hans. Me har fått med oss fleire interesserte og talentfulle ungdomar, men tek gjerne imot fleire, både vaksne og unge. Interesserte frå andre lag er òg hjarteleg velkomne.

VANG VONAR VIDARE

Vangsgjeldingane held fram med trufast rekrutteringsarbeid. Hardingfeleungane har øving med Jan Beitohaugen Granli, måndagskveldane i kulturskulen.

Eldre felespelarar samlast heime hjå kvarandre, måndagar kl.19.30–21.30. Fele er moro, men kaffi og serinakaker lyt til, ryktast det. Opplegget er fleksibelt, men målet er to – tre øvingar i månaden. Det *er* plass til fleire. Slidringar ville vera heilt topp, seier vanggjeldingane.

Dei yngste langeleikspelarane får undervisning i kulturskulen med langeleikdronninga i Vang, Bjørg Berge. Trekkspel- og toradarentusiastane spelar med Tom Kjetil Tørstad annakvar tysdag kl. 19.30–21.30 på Øye Skule. Også her sosialt samvære og kaffimat.

PÅSKEDANS

Onsdag 19. mars kl. 20.00 i Skistøga på Filefjellstuene. Det blir dans etter husets eige musikk, men tek du med fela eller belgspelet, syrgjer vi òg for musikk. For dei som vil kombinere ein triveleg danskveld med god mat og drikke finst det her servering fram til kl.21.00. Inngang kr.100.-

AKTIVITETAR I ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Februar: 01.02 Fredagsdans kl. 20.00
02.02 Mehanken kl 11.00
16.02 Mehanken kl.11.00

Mars: 07.03 Fredagsdans kl. 20.00
09.03 Årsmøte klokka 19.30
19.03 Påskefest*
29.03 Mehanken kl. 11.00

April: 04.04 Fredagsdans kl. 20.00
06.04 Sundagsdans
12.04 Mehanken kl. 11.00
20.04 Sundagsdans
26.04 Mehanken kl. 11.00

Mai: 02.05 Fredagsdans kl. 20.00
18.05 Sundagsdans
25.05 Sundagsdans

Juni: 06.06 Fredagsdans kl. 20.00
01.06 Sundagsdans
15.06 Sundagsdans
22.06 Sundagsdans

Alle arrangementa er på Herangtunet.

* Redaktøren ber alle merke seg Påskefesten 19. mars. I fylgje kjelder blir det mykje god dansemusikk, dans, festlege folk og kanskje ein jenka.

LANGELEIKSPELING PÅ HERANGTUNET

Langeleikspelar, kongepokalvinnar, adjunkt og korist Gunvor Hegge kallar inn til langeleiktreff i Spelemannssto på Herangtunet desse tysdagane kl. 19.00:


19. februar, 25. mars, 29. april. 27. mai

Møt opp, vær så snill!

STOREFJELLTREFFEN 1.-4. MAI

Kappleik og tevling for gamaldansorkester! Desse kjem: Øystein Nicolaisen, Mette Sønderskov, Ingunn Bjørgo, AskerLadden og Willy Rustad. Kjem du?

For meir informasjon om tevling, kurs og dansespel sjå: www.storefjelltreffen.no



Mjølkerampa

Kor blir det av innspela frå lesarane? Har de sovna? Ærleg tala: No må de vakne! Skal vi leie verda i rett lei må de engasjere dykk. Vi er viss om at det er fleire som sit inne med mykje grums, grums som bør kome mjølkerampa til del. Difor: Vakne! Vi vonar på mange innlegg i neste nummer.

SKOTÅRSSEMINAR PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM

29. FEBRUAR – 2. MARS.

Songteknikk/ stemmebruk i ein folkeleg songtradisjon (for litt meir røynde)

Fredag 29. februar.

Tonalitetsseminar

Laurdag 1. mars – søndag 2. mars.

Gamle songar frå Valdres (for røynde og urøynde)

Sundag 2. mars.

Fløytespel i Valdres-tradisjon med Steinar Ofsdal

(for røynde og urøynde)

Sundag 2. mars.

Stemmeteknikk for amatørskodespelarar/songarar med Ruth Wilhelmine Meyer

Sundag 2. mars.

Påmelding:

Meld deg på innan fredag 22. februar til:

Stian Roland. Tlf: 907 22 690.

E-post: rolandstian@hotmail.com

Kursa kostar kr. 200, kr. 250, eller kr.

300. For dei som vil vera med på meir enn eitt

kurs har me laga ein spesialpris på kroner 600.

Sjå meir om seminarhelga på:

www.valdresfolkemusikklag.no eller ring og be om ei brosjyre!



Ruth Wilhelmine Meyer

YNGRETREFF

Vårflaumen spel- og dansarlag og laget i Øystre Slidre skipar til Yngretreff på Skrautvål skule, 5. april kl. 11.00.

Undervisning og konsert. Velkomen!

ÅRSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

Styret i Valdres folkemusikklag kallar inn til årsmøte torsdag 27. mars kl. 19.00. Møte blir på loftet i administrasjonsbygget på Valdres folkemuseum. Årsmøtet er ope for alle interesserte. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett.

FRUSTRETT LEIAR KALLAR INN TIL ÅRSMØTE

Leiaren i Vårflaumen spel- og dansarlag, Gunnar Amundsen, kallar inn til årsmøte på Frydenlund i Aurdal, onsdag 12. mars klokka 19.00. Det er ein frustrert leiar som etter åtte år i toppleiinga takkar for seg.

– Nok er nok, seier Amundsen.

– *Kva har skjedd, Gunnar Amundsen?*

– Vi er inne i ein negativ trend akkurat no. Om ikkje dette endrar seg snart bør vi vurdere å legge ned heile laget. Liten oppslutning på arrangement og på styremøte gjer meg oppgitt. Det er ein svært uheldig utvikling vi er inne i no, seier Amundsen.

– *Det går rykte om snarleg endring av sivilstand. Er dette årsaka til at du no trekker deg?*

– Delvis. Til sumaren giftar eg meg med Gro Arneng frå Vestre Slidre.

ROLLEBLANDING?

Gro Arneng har i fleire år vore styremedlem i Valdres folkemusikklag. Ei av oppgåvene er fadderansvaret for Vårflaumen spel- og dansarlag. Fleire spør seg no om ikkje Arneng blandar roller sidan ho giftar seg med leiaren i spel- og dansarlaget. Var det slik Valdres folkemusikklag såg for seg fadderrolla? Vi berre spør.

KONSERT OG DANS PÅ SLIDREHUSET

Laurdag 1. mars klokka 20.00 blir det konsert på Slidrehuset på Valdres folkemuseum. Her kan du sjå og høyre evigunge Steinar Ofsdal og Ruth Wilhelmine Meyer. Inngang kroner 100. Enkel servering. Dans etter konserten.

Arrangør:

Valdres folkemusikklag, Valdresmusea AS og Vårflaumen spel- og dansarlag.

SUDAN DUDAN

Konsert med Marit Karlberg og Anders. E. Røine, torsdag 17. april klokka 20.00 på Fagerlund Gjestehus. Inngang: vaksne kr 100,- / skuleungdom kr 70,-.

– Eksotisk, tidlaust, grovkorna og pasjonert, blir det sagt om musikken til Marit og Anders. Klarar ikkje vente, sa du? Klikk deg fram til denne nettsida og nyt musikken:

www.myspace.com/sudandudan

Arrangør: Jørn Hilme-stemnet og Den norske folkemusikkscena

VALDRESKAPPLEIK PÅ SOLHAUG

Hæ? Ko e de før noko? E de lokalkappleik og runddansstemne du meina?

JA!!!! Men mø kalla de heldan før Valdreskappleiken!

Kofør de?

Jau, e de kji de de e, då? Detta gamle namne va so tungt! Jau, du e vøl inne på noko der kansi!

Men bi de noko gamaldansfølk so kjem dit ner“n kalla de Valdreskappleik, då?

Jau, høyrist’kji verre ut. Namne skjemme ingen, veit du. De e vøl innhalde so dreg følk! Han Tom Kjetil Tørstad har i alle fall sagt’n ska ta me noko følk å koma spela te dans på festen.

På festen?

Ja, mø satsa på fest i år ser du! Tevlinge gjere mø undå på dagen.

Hmm... høyrist bra ut! Får dø me noko yngre følk, då?

Ja, de bi dugele me jyplinga der i alle fall. Prosjektet Lea de – bygda dansar ha lagt helgesamlinge si på Røgne skule sama helge o dei ska visst få besøk frå noko hallingfanta den helge! Dessutan ska mø sikre uss at de bi bra påmelding fereåt, lyt ha gode namn på lista, veit du!

Ja, dette høyrist ikkji verst ut. Solhaug e i alle fall eit trivele lokale, so kansi e ska ta me ein tur!

Stian Roland



FAKTA OM VALDRESKAPPLEIKEN:

- ◆ Namn: Valdreskappleiken
- ◆ Når: Laurdag 10. mai
- ◆ Kvar: Solhaug samfunnshus i Øystre Slidre.
- ◆ For kven: Alle! Døme: Gamaldansfolk, ihuga folkemusikarar, gamal/ung, frå fjern/nær.
- ◆ Klasser: Rekruttar, junior, vaksne, gjester i gamaldans, bygdedans, musikk og song på dagtid.
- ◆ Fest: JA! Økter med både springar og gamaldans!

VINTERKAPPLEIKEN '08

Folkemusikkstudiet ved Institutt for folkekultur, Høgskolen i Telemark, har gleda av å kunne invitere til vinterkappleik på Rauland for syttande år på rad. Kappleiken har endra noko i form, og er no ein del av Rauland Internasjonale Vinterfestival. Tevlinga vil finne stad laurdag 16. februar, og vil som tidlegare bli arrangert på Raulandsakademiet i Vinjesalen.



Folkemusikkstudentar på Rauland. T. v. Kjellbjørn Karsrud.

Me vil i år operere med fem forskjellige klasser, der kvar utøvar vil bli dømt av åtte domarar med forskjellig bakgrunn. Klassene er i år som følger: Feleklasse (hardingfele og fele), tradisjonsmusikk på andre instrument (til dømes toradar, langeleik og munnharpe), Dans, Vokal, Open klasse (som og omfattar gruppe- og lagspel). Aldersgrensa for å kunne delta individuelt på kappleiken er 15 år.

Dei tre deltakarane med høgast poengsum (uansett klasse) går vidare til ei finalerunde som vil vere ein del av konserten på laurdagskvelden. Vinnaren av denne runda vil bli heidra med ein pengepremie på 2000 kroner, mens nummer to og nummer tre vil bli premiært med høvesvis 1000 kr og 500 kr.

Det vil bli opna for påmelding på førehand, men me vil ha nokre få restplassar til sjølve kappleiksdagen. Ver ute i god tid, fordi det er avgrensa med plassar.

E-mail: vinterkappleik@gmail.com

Heimeside til festivalen og kappleiken: www.vinterkappleiken.com

Mobil: 480 90 896



Vel møtt!

Nettsidene

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag

www.valdresfolkemusikklag.no

Send gjerne aktuelt stoff som me kan legge ut på sidene.

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

EI SPELEMANNSSOGE

Johannes Halden var ein namngjeten langeleikspelar frå Åbjør. Johannes fór mykje rundt i landet på spelferder og var landskjend for spelet sitt. I 1897 tok han ein tur til fots til Oslo, der han mellom anna møtte opp i redaksjonen til VG.

«I et hjørne stod en landlig utseende mann. Jeg satte meg straks, grep en blokk, dyppet pennen og vinket oppmuntrende at han skulle komme nærmere, hvorpå jeg spørrende betraktet en kasse han hadde hengende på ryggen. Han løftede den av, åpnet et lokk og dro frem noe rart langt med skruer på i den ene enden. [...].

-Hvor er de fra? spurte jeg efter nøye å ha besiktiget det barbarisk utseende instrument, samt prøvende klimpret litt på strengene.

-Frå Aurdal.

-Er de gårdmann?

-Ja, eg hev ein liten gard. Men det gjeng ikkje rart, for eg har kone og 7 barn og to gamle å sørge for. Derfor har eg kommet med leiken for å se å tene nokre kroner til dei.


-Kan de ikke tjene noe i Valdres?

-Nei, det er rart å tene 3 kroner i Valdres og det er berre om sumaren åt byfolk ein kan tene det. Men ein gong tente eg mange kroner, det var då eg spelte for dronninge. Då fekk eg 10 kroner og 5 av prins Eugen.

Og i Valdres 2. mai 1907 står at Johannes Halden hadde vore på slottet og spelt for kong Håkon – igjen. Kongen likte spelet så godt at han bad han kome att og spele for nokre danske gjester.

Langeleiken til Johannes var over 200 år gamal. Ein gong vart han boden kr. 58 for han, men han ville ha kr. 60, og så vart det ikkje handel, og godt var det. Sjølv sa han at han hadde laga mange låttar. Ein springlått han hadde laga, kalla han Slidringen. Ein annan var Drammen. Om denne sa han: «Det var ei natt eg låg og sov at eg drøymde at ei av grannekonone våre var daud og skulle åt gravi. Eg såg kista, syrgjande skyldfolk og heile likfølgje, der dei gjekk i mot kyrkjegarden. Då hørde eg ein vedunderleg musikk. Han kom or lufti, og det klang som mange kyrkjeklokkor. Då likferdsfølgjet kom inn på kyrkjegarden, vakna eg.»

B



RETURADRESSE:

NORGE

P.P.

Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiletelefon	E-post
Begjningjom spel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Einedal spel- og dansarlag	Ellen Wilberg Samnørd	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	hemsing@e2i.net
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Brting	22 13 79 64 (p)		elisabeth.brting@e2i.net
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifoer@online.no
Vårflammen spel- og dansarlag	Gunnar Kværne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sisd-lie@online.no
Valdres folkemusikklag	Alice Gudheim	61 36 25 56	971 81 545	alice_gudheim@hotmail.com
Låt o' Link, redaktør	Aud Søyland		990 37 584	aud.soyland@bhnnet.no
Vfll og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	postl@valdresfolkemusikklag.no
JH-stemmet, styreleiar	Svein Erik Hilmen		95 75 53 07	
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland		994 48 486	leiar@strunkeveko.no
Strunkeveko, styreleiar	Eli Marit Fuglesteg		986 23 123	elhaftugl@online.no
Valfag i tradisjonsdans	Stian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverkstaden	Knut Ophelmsbakkem	61 35 99 30 (a)		
	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)		
LFS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no
Spelermannshadet	Knut Aastad Bråten		907 68 797	spelermannshadet@folkemusikk.no